

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 2. november 2022

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Lene Johannessen, Ingunn Lunde, Øyvind Gjerstad og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Julia Christine Marinaccio

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Sara Karoline Mørland, Ingrid Elisabeth Gjerding og Christine Marie Mowinckel Fagg.

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 21. september 2022

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Instituttleiar orienterte om statsbudsjett og universitetsøkonomien. Først pensjonskuttet og så høgare straumprisar har gjort økonomien vanskelegare. UiB har lagt vinn på å ta dei store kutta sentralt ved universitetet og i tillegg redusera investeringane – på denne måten har ein redusert konsekvensane på institutt- og fakultetsnivået. Samstundes må vi òg på instituttnivået tilpassa oss ein ny og meir krevjande økonomisk situasjon. HF må redusera talet på faste vitskapelege stillingar framover, og nokre av desse stillingane vil bli tekne frå IF. Vi må så godt vi kan prøva å gjera noko med inntektssida av økonomien, t.d. gjennom betra studentgjennomstrøyming og rekruttering.

Vi ventar på ein ny bemanningsplan for vitskapelege stillingar ved fakultetet.

Dekanatet ønskjer møte med fagmiljøa ved fakultetet, og der vil økonomien bli eitt av fleire tema. Møtet med IF er sett opp 2. desember.

- b) Instituttleiar orienterte om at UiB skal setja i gang ein redesign-prosess for lektorprogrammet, sjå IF-nytt veke 43-2022. Her må ein ta stilling til fleire viktige spørsmål, m.a. betre innfletting av praksisperiodane i studieløpet og ei eventuell flytting av ex.phil. frå førstesemesteret og lenger ut i studiet.

Sak 4 – Strategi

Instituttleiar orienterte instituttrådet om framdrifta i arbeidet med ny strategi for instituttet, og inviterte til diskusjon om verdigrunnlag, visjonar og overordna mål. Instituttet vil vedta sin strategi på junimøtet i 2023, slik at den nye strategiplanen ved fakultetet er klar først.

Samtalen i rådsmøtet tok utgangspunkt i formuleringane om visjonar og mål i den gjeldande strategiplanen for instituttet for perioden 2020-2022. Etter ei kort drøfting i smågrupper, vart det presentert fleire idear til avsnittet om visjonar, overordna mål og verdier i den nye strategiplanen:

- Kva skal eigentleg visjonen brukast til? Bruken vil påverka korleis visjonen blir formulert. Formuleringane i strategiplanen for 2020-2022 er lite visjonære og litt for generelle - det meste kunne vore brukt òg på eit anna institutt.
- IF bør kunna formulera ein spesifikk visjon som viser kva akkurat framandspråka gjer for samfunnet. Samfunnet omkring bør med i visjonen vår, og formidling bør inkluderast.
- Den gamle visjonen er veldig generell. Ein visjon bør trekkja inn kulturen rundt oss og den verda vi lever i. Kulturkunnskap og innsideperspektiv er viktig.
- Hovden foreslo visjonen «Forstå verda».
- Det er viktig å redusera fordommene i møtet med andre kulturar og samfunn, og dette kan inkluderast i visjonen vår.
- Ein visjon bør vera enkel og lett kunna hugsast.
- Framlegget «Forstå verda» seier òg noko om den breidda IF har, og ønskjer å ta vare på, sidan vi har språk som dekkjer store delar av verda.
- Bør vi få inn noko om akademisk ytringsfridom i visjonen eller i dei overordna målsetjingane? For eit institutt som opererer så mykje internasjonalt som det IF gjer, kan det vera særleg viktig å ha med eit slikt punkt.
- Det er ein viktig verdi for oss som universitet at vi er uavhengige.

Sak 5 – Høyring om studieavgift

Instituttet er invitert til å uttala seg om høyringsfråsegna frå UiB til framlegget frå Kunnskapsdepartementet om innføring av studieavgifter for studentar frå land utanfor EØS-området og Sveits. Det var eintydig og sterk motstand mot ei slik studieavgift i instituttrådet. Mellom anna vart det peikt på ei slik avgift vil ekskludera andre enn dei mest privilegerte studentane frå å koma hit, og vi på vår side går dermed glipp av viktig innsikt. Høyringsbrevet frå departementet vart kritiserte for svak argumentasjon og sviktande bruk av tal og statistikk. Samstundes vart det streka under at det uavhengig av innføring av skulepengar eller ikkje er viktig å byggja ned dei høge barrierane som allereie i dag møter studentar som kjem frå land

utanfor EØS. Dette kan t.d. gjerast gjennom å oppretta legat og fond, og gjennom å setja måltal om å ha visst mange studentar frå det globale sør. I møtet vart det òg peikt på at innføring av skulepengar harmonerte dårleg med våre eigne verdiar, som møtet nettopp hadde drøfta under sak 4.

Instituttleiar konkluderte med at IF vil koma med eit tydeleg innspel i denne saka.

Sak 5 – ymse

Ingen saker.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef